

**ETNEDAL KULTURSKULE** har som mål å vera eit resurssenter i bygda, fyrst og fremst som eit tilbod til born og unge frå 1. klasse og oppover. Musikk og kultur skapar positive sosiale relasjonar. I kulturskulen får elevane undervisning i ulike kunst- og kulturuttrykk gjennom kreativ læring og oppleving, og dei kan oppdage og utforske nye sider ved seg sjølv.

Undervisninga følgjer skuleruta og skjer på skulen i eigne lokale enkeltvis eller i grupper fortrinnsvis etter skuletid måndag, tysdag og fredag. Tidspunkt for timane blir avtala med kulturskulen ved starten av skuleåret. Lengda på undervisninga kan variere etter elevens behov og etter gruppestørrelse. Noko undervisning blir også gitt i form av seminar og fellessamlingar. Me har felles lærarar med fleire av våre nabokommunar, noko som opnar for samarbeid over kommunegrensene.

---

Påmeldingsfrist til kulturskulen er 1. april kvart år, og me tek berre i mot påmeldingar på nettet. Treng du hjelp til dette, ta kontakt med servicekontoret i kommunen.

<https://noetnedal.speedadmin.dk/tilmelding>

**NB!** Elevar som alt har ein plass i kulturskulen, må gå inn og **re-registrere** seg kvart år.



*Kunstgruppa, utsnitt frå utstilling på Blaafaldt Spiseri 2019*



**Skuleåret 2020-21**

Påmeldingsfrist 1. mai 2020

<https://noetnedal.speedadmin.dk/tilmelding>



Foto: Bente Hemsing

**Velkomen til eit kreativt og levande miljø!**

Kontaktperson: Bente Hemsing (rektor)  
[bente.hemsing@etnedal.kommune.no](mailto:bente.hemsing@etnedal.kommune.no)  
Telefon 61 12 18 96 / 971 52 445



## Kulturskulen har følgjande undervisningstilbod 2020-21:

- Piano
- Keyboard
- Kyrkjeorgel
- Hardingfele
- Fiolin
- Gitar
- Bassgitar
- Ukulele
- Band/samspel
- Slagverk
- Tradisjonssong, einetime
- Kulturskulekor
- Kunstfag
- Dans, frå 5 år og oppover (dei eldste i barnehagen er også velkomne). Grupper blir delt etter alder.
- Teorikurs, enkel musikkforståing for nybyrjarar, elevar og foreldre
- Småtrølltreff på Fagernes 0-2 år i samarbeid med dei andre valdreskommunane (datoar kjem seinare). Sjå [www.nakulturskole.no](http://www.nakulturskole.no)
- Individuell instrumentopplæring vaksne

### Lærarar i kulturskulen:

- Sissel Albrigtsen Bakke (kunstfag)
- Serhiy Bykov (piano, keyboard, kyrkjeorgel)
- Lars Erik Haugerud (Bruflat musikklag)
- Bente Hemsing (fiolin, hardingfele, tradisjonssong, kulturskulekor, teori)
- Fredrik S Thorsen (slagverk, band)
- Arne Nygård (gitar, bassgitar, ukulele, band, song)
- Anne-Birthe Nord (dans)
- Kjell Ivar Vestrom (Bruflat sangkor)

### Elevkontingent:

|                                                              |                                         |
|--------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|
| Individuell song- og instrumentundervisning                  | 1600 pr halvår                          |
| Individuell song- og instrumentopplæring, tilbod til vaksne, | 3200 pr halvår                          |
| Kunstfag inkl. materiell                                     | 1100 pr halvår                          |
| Dans                                                         | 1050 pr halvår                          |
| Band                                                         | 1050 pr halvår                          |
| Kulturskulekor                                               | 1000 pr halvår                          |
| Småtrølltreff på Fagernes                                    | 600 pr halvår                           |
| Utvida speletime                                             | 450 pr halvår                           |
| Teorikurs for nybyrjarar - både elevar og foreldre i lag.    | Enkeltelev 250 og familie 400 pr halvår |

Det blir gitt 20 % syskenmoderasjon til sysken nummer to i alle tilbod.

### Instrumentutleige:

Kulturskulen har nokre instrument til utleige: langeleik, hardingfele, fiolin, toradar og xylofon. Pris for leige er kr 400 pr. semester.

Teorikurset er for dei som vil lære litt ekstra rundt note- og teoriforståing. Dette er eit nybyrjarkurs for alle aldrar, og foreldre er også hjarteleg inviterte til å melde seg på. Det blir enkel note- og rytmelære, og me vil lytte til forskjellige type musikk og sjangre. Dette krev ingen førehandskunnskap.

Ved stor søkning til enkelte instrument og tilbod, kan eleven bli satt på ei venteliste. Dersom det er ledige elevplassar, opnar me for at vaksne kan melde seg som elevar, men då til dobbel pris.

Koret og korpset i Etnedal er for ungdom og vaksne, og dei er ein del av kulturskulen. Ta gjerne kontakt dersom du er interessert i å vera med:

**Bruflat sangkor**, dirigent Kjell Ivar Vestrom, kontaktperson Hege Rotnes, tlf 469 65 670. Øving tysdagar på skulen. Samarbeid med Hedalen sangkor.

**Bruflat musikklag**, dirigent Lars Erik Haugerud, kontaktperson Åge Kleven, tlf 957 97 299. Øving tysdagar på Moajordet.